

# Foreldreinfo oktober 2022

## FAU/SU/SMU

Det har vore møte i SU/SMU den 05. oktober. De finn referat frå møtet [her](#).



Neste møt i FAU blir 8.nov., det blir og nytt møte i SU/SMU 23.nov.

## Sjonglering

7. og 8.trinn får og har hatt besøk frå Flaks sjongleringsgruppe som skal laga sjongleringsshow saman med elevane. 1.-6.trinn skal få koma på show og sjå kva dei har lært. Kjekk aktivitet for elevane – takk til kulturkontoret som sponsrar opplæringa!



Det skjer mykje på skulen om dagen.

For første gang har vi hatt fotografering på hausten. De føresette får meldingar direkte frå foto-firma. Dei vil laga skulekatalog som alle vil få tilsendt digitalt med moglegheit for å bestilla eit gratis eksemplar i papirformat.

Elevar på 10.trinn har vore på surfekurs (*bilete 2*), me skal ha British day for 1.-7.trinn den 1.nov, sjongleringskurs, forestillingar frå den kulturelle skulesekken, 8.-10.trinn skal læra å smi og så har me heldigvis mykje «vanleg» skule også. 4.trinn har laga imponerande egyptiske masker i K&H, desse heng til utstilling i mediateket på barneskulen (*bilete 1*).



Minner speielt om refleks til store og små i mørkare tider. Skulen har ein del liggande om de manglar.

Ønsker dykk fine haustkvelder og gode skuledagar framover!

Mvh


Svanhild Gjedrem

rektor

## GirlTech fest

Alle jenter på enter 3., 4. eller 5.trinn i Noreg har blitt invitert av ulike organisasjonar for å delta på Girl Tech fest. Dette for å få opp motivasjon og interesse for å arbeida med teknologiutvikling og hos jenter, og bli inspirert av kvinner som allereie arbeider innan feltet. I Rogaland er det jentene på 5.trinn som har fått invitasjon. Jentene våre på 5.trinn reiser saman med jentene på Bjerkreim skule til Vitenfabrikken på Sandnes til spennande opplegg.

Sjå kort film om tilbodet [her](#).



GIRL.TECH.FEST

## Innskriving

Det blir innskriving den 16.november for 22 spente barnehagebarn. Me gler oss til å treffa dei nye tilskota til elevflokkene vår!

